

KYRKJELYDSBLAD FOR ETNEDAL



KYRKJE-VÅRDEN

Nr. 3


Haust 2020

52 . årgang



DEN NORSKE KYRKJA

KYRKJELEGE TILSETTE I ETNEDAL:



KYRKJEVERJE
Marie Bjørnødegård
tlf. 61 12 13 20 / 918 37 011
E-post: mb836@kyrkja.no
Kontortid: Måndag, tysdag, torsdag og fredag 09 - 15



SOKNEPREST
Marit Slettum
tlf. 913 93 314
E-post: ms638@kyrkja.no
Inga fast kontortid, men er ofte innom
Tlf. 61 12 13 22
Opptake ? Legg gjerne att beskjed
Samtale ? Ring og avtal tid
Måndag er prestens fridag



ORGANIST
Serhiy Bykov
tlf. 90 21 29 45
E-post: sb742@kyrkja.no



TRUSOPPLÆRINGSMEDARBEIDAR
Helena Wright
tlf. 951 78 041
E-post: helenals.wright@gmail.com



KYRKJELYDSARBEIDAR
Ellen Oddveig Rudi
tlf. 948 65 195
E-post: er623@kirken.no



KYRKJETENAR
Nils Kjell Nilsen
Tlf. 918 22 336
E-post: nn934@kyrkja.no

KYRKJEKONTORET

Etnedal kommune,
Kyrkjevegen 26, 2890 Etnedal
61 12 13 00 / fax 61 12 13 01

DEI KYRKJELEGE RÅDA I ETNEDAL:



BRUFLAT SOKNERÅD
Kjell Fjeld, leiar
tlf. 404 04 820
E-post: kjell@fjellsbygda.no



N. ETNEDAL SOKNERÅD
Steinar Stenseth, leiar
Tlf. 975 69 228
E-post: steinarsten@gmail.com



**ETNEDAL KYRKJELEGE
FELLESRÅD**
Anders Grønbrekk, leiar
Tlf. 905 64 184
E-post: angro53@hotmail.com

KYRKJEVARDEN

Kyrkjelydsblad for Etnedal
Utgjevar: Sokneråda i Etnedal
Redaktør: Marit Slettum
Fast medarb.: Ingun Kompen og
Wenche Hillestad Møller

Ekspedisjon:
Kyrkjekontoret, 2890 Etnedal

Bladpengar:
Kr. 200,- eller meir for året
Til adresse utanom Etnedal: kr. 250,-
Bankgiro: 2140 20 14188

Prenta i Land Trykkeri as, Dokka

Oppslagstavla

Bibelordet:



«Og dette bed eg om, at
kjærleiken dykkar må bli
rikare og rikare på døm-
mekraft og innsikt, så de
kan skjøna og avgjera kva
som er viktig, og stå reine
og ulastelege på Kristi
dag, fylte av rettferds frukt som veks fram ved
Jesus Kristus, til lov og ære for Gud.» Paulus i
Filipparbrevet 1, 9-11

Salmemaraton i Bruflat kyrkje

Etter gudstenesta søndag 15. november er det
salmemaraton. Vi startar etter kyrkjekaffen, ca.
kl. 12.30

Det blir salmer og sangar frå fleire genrar, og
dessutan små avd. med sangynskje.

Hjarteleg velkomen til å vere med heile dagen,
eller - til å stikke innom for ein time eller to.

Bibel – og samtalegruppe

Eg ynskjer å starte ei bibel- og samtalegruppe i
haust. Interessert? Ta kontakt!

Marit prest, tlf. 91393314

FLÅTEN

Det finnes mennesker
som bygger en
flåte av omtanke

som holder deg flytende
og fører deg inn i ei bukt
av tillit der redselen
slipper taket

Eva Dønnestad

Forside: Frå Oset ved Steinsetfjorden
Bakside: Utsikt frå Bruflatlie.
Begge foto: Marit Slettum

Smittevernreglar i kyrkjene våre, pr. 09.09.2020

- Maksimalt 50 personar (Dei som medverkar kjem i tillegg)
- Minimum 1 meter mellom hver person (gjeld ikkje personar i same husstand).
- Alle som deltek på gudstenster og kyrkjelege handlingar blir registrert med namn og telefonnr. I fylgje §13 i Covid 19 – forskriften:

«Arrangøren skal ha oversikt over kven som er til stades, for å kunne hjelpe til ved ein eventuell seinare smittesporing. Lista blir makulert etter 10 dagar.»

- Bruflat kyrkje har kapasitet til 50 besøkande
- Nord- Etnedal kyrkje har kapasitet til 44 besøkande (kan økes til 50 dersom det er fleire frå samme husstand)

Smittevernet bygger på fire hovedprinsipp:

1. Sjuke personar skal ikkje ta del eller vere til stades.
2. Gode rutiner for handhygiene og reinhald. (Handsprit er tilgjengeleg ved inngangane)
3. God avstand og minst mogeleg kontakt mellom personar.
4. Minst mogeleg felles bruk og berøring av inventar og utstyr.

**Eventuelle endringar blir kunngjort i dags-
pressa, på kyrkja si heimeside, kyrkja.no/
Etnedal og på Kyrkja i Etnedal sin face-
book-profil**

«Det eneste motet som teller,
er det som får deg til å holde det gående fra
det ene øyeblikket til det andre.»
Mignon McLaughlin

«Ingen kan få deg til å føle deg mindreverdige
uten ditt samtykke.»

Eleanor Roosevelt

Sterk i veikskap

Av Dan Kristoffersen,
tidlegare pastor i Misjonskyrkja Noreg

Lukas 5,1-11

Ein gong stod Jesus nede ved Gennesaretsjøen, og folket trengde seg om han for å høyra Guds ord. Då fekk han sjå to båtar som låg ved stranda. Fiskarane hadde stige ut av dei og heldt på å skylja garna. Jesus steig ut i ein av båtene, den som høyrde Simon til, og bad han leggja litt ut frå land. Så sette han seg og underviste folket frå båten.

Då han hadde tala ferdig, sa han til Simon: «Legg ut på djupet og set garna, så de kan få fisk.» «Meister», svarta Simon, «vi har streva i heile natt og ikkje fått noko. Men på ditt ord vil eg setja garna.» Så gjorde dei det, og då stengde dei slik ei mengd med fisk at garna heldt på å rivna. Dei gav teikn til arbeidslaget i den andre båten at dei skulle koma og ta i med dei. Og då dei kom, fylte dei begge båtene, så det var nære på dei sokk. Då Simon Peter såg det, kasta han seg ned for Jesu føter og sa: «Gå frå meg, Herre! Eg er ein syndig mann.» For både han og alle som var med han, vart fulle av otte og undring over fiskefangsten dei hadde fått. Like eins var det med Jakob og Johannes, sønene til Sebedeus, som fiska saman med Simon. Men Jesus sa til Simon: «Ver ikkje redd! Heretter skal du fanga menneske.» Så rodde dei båtene i land, gjekk frå alt og følgde han.

Jesus er ein fantastisk kommunikator. Når han talte til folket brukte han ofte likningar med utgangspunkt i deira eigen kvardag, og i denne historia bruker han

Simons situasjon som fiskar for å understreka kva den framtidige apostelen har i vente.

Kven var menneskefiskaren Simon, eller Peter som vi kjenner han best som? Det første han seier om seg sjølv er «eg er ein syndig mann», men legg merke til at Jesus ikkje er interessert i å høyra om mindre-verdskompleksa og synderegisteret til den forferda mannen. I staden kjem det ein invitasjon om å bli ein disippel. Peter var ønskt, han var elskta, og Gud hadde ein plan for livet hans.

Eg veit ikkje om du har tenkt over det, men Peter var ein heilt vanleg mann, som attpåtil skulle komma til å nekta for at han kjende Jesus. Tre gonger tok han det opp att, etter å ha svore evig truskap kort tid før. Men det handla aldri om kva Peter fekk til, og kva han ikkje fekk til. Det same gjeld deg og meg. Vi får lov til å vera Jesu medhjelparar, som legg liva våre og oppgåvene våre i Guds hender. Gud gir oss styrke, han formar oss, og førebur oss for det som er i vente. Den nederlandske urmakaren Corrie ten Boom og søstera hennar Betsie, var to middelaldrande kvinner som vart sende til den tyske konsentrasjonsleiren Ravensbrück i 1944, som straff for å ha skjult jødar frå nazistane.

Midt i elendet, blant lus, slag og dødsangst arrangerte søstrene gudstenester og bønnemøte i fangebrakkane. Betsie var svak og sjuk, og Corrie pleia henne, men gjennom dei skein evangeliet ut til dei kvinnelege medfangane deira.

Akkurat som med Peter, handla det ikkje om krafta eller syndfridommen til ten Boom-søstrene. Gud er sterk i veikskapen vår, og Han seier «følg meg».

KPK



Mikkelsmess



Mikkelsmesse 29. september er til minne om erkeengelen Mikael og var ein viktig høgtidsdag i mellomalderen. Den vart rekna som heilagdag heilt til i 1770. Då vart antal heilagdagdar sterkt redusert. Mikkelsmess har óg vore knytta til innhøysting, og helga rundt den 29. har vore feira som hausttakkefest heilt opp til vår tid.

Mikael er ein såkalla erkeengel og har den høgste rangen mellom englane. Han skal verne om menneskeslekta og sloss mot dei vonde maktene på domedag. I mellomalderen då angsten for skjærsilden etter døden var stor, sette nok mange si lit til sankt Mikael at han skal hjelpe dei på den ytterste dagen og berge dei inn i paradiset. Dette kjem klårt fram i Draumkvedet, eit stort, dramatisk forteljande dikt frå 1300-talet. Det vart sannsynleg nedskrive i Telemark fyrst rundt 1850, og må såleis ha levd på folkemunne i fleire hundreår.

Dette episke diktet handlar om Olav Åsteson som fell i djup svevn julaftan og vaknar att fyrst "trettandagen då folk til kyrkjun gjekk". Då har han vore både i himmelen og dødsriket.

Sjelen hans forlet lekamen og vandra inn i livet på den andre sida. Då han vakna, fortalde han til dei rundt han om kva han har opplevd. I dei siste versa høyrer vi om sankt Mikael som veg sjelene på ei skålvekt for å skilje menneska - dei fortapte frå dei salige. I siste lina står det om sankt Mikael at han "vog alle syndesjelene bort til Jesum Krist"

Sannsynleg vart dette skrive for å roe mange engstelege, slik at dei kunne stole på at Kristus skulle ta på seg all skyld.

Eg har lyst til å nemne at Draumkvedet er tonesett av Eivind Groven, og verket blir innøvd av kor kvart år rundt juletid. Den fremste tolkaren av denne mek-

tige mellomalderballaden er Øyonn Groven Myhren, dotter til komponisten.

Sjølv om st. Mikael er erkeengel i likskap med Gabriel, så er han óg ein av dei fyrste som vart kåra til helgen av den katolske kyrkja i Norden.

Det finst ei mengd kyrkjer i den kristne verda som vart bygd til minne om st. Mikael. Han blir óg rekna som skytsengel for katolikkane. Ein av dei fyrste vart bygd i Frygia, eit kongedøme i Vest-Asia, rundt år 400. Mange av kyrkjene vart bygde på fjell og i huler. I Noreg vart rundt 30 kyrkjer vigde til han i tidleg kristen tid.

Det finst framleis bilete og relieff av st. Mikael rundt om i kyrkjene våre, bevart som interessante minne frå fortida. I Nidarosdomen finn vi nok dei fleste og finaste skulpturar og marmorrelieff av han.

Som så mange andre merkedagar var det ei mengd spådomar, teikn og varsel knytte til Mikkelsmess, ikkje minst om korleis veret skulle bli komande år. Var det frost natta etter Mikkelsmesse, vart vinteren kald. Like mange dagar som det var rim på marka før denne dato, like mange dagar skulle det ligge rim på marka etter Gaukmesse, 1. mai.

All avling skulle nå vere i hus, og alle husdyr skulle heretter vere inne i fjøs og stall. Husdyr som var ute Mikkelsmess - natta, kunne bli takne av "urnaut" som kom inn frå havet i store mengder, og dersom det bles vestavind denne natta, kom havokksane og åt opp alt vinterforet! Denne overtrua var sikkert mest vanleg ved kysten.

All reiskap skulle no vere i hus. Oppgjer og avtaler vart gjort no. Betaling for korn, poteter og arbeid skulle skje denne dato, likeeins skulle rik som fattig betale skattar og avgifter.

I Romsdal, Trøndelag og Nordland måtte dei betale ei eiga avgift, "Mikkelskornet" til Nidarosdomen.

Mikkelsmess var ein stor festdag, også utenom dei kyrkjelege handlingane, og det var vanleg å ete rømmegraut og anna god mat.

Tone Steinset



Stilig dåpsengel i Bruflat kyrkje

Døypefontane i kyrkjene er svært ulike, laga av ulike materialar med ulike utformingar.

I 28 kyrkjer i Noreg er det englar som tek vare på dåpsfatet. Dåpsengelen i Bruflat kyrkje er ein av dei, og fekk mykje skryt av kunsthistorikar Elisabeth Andersen på eit foredrag om døypefontar med englar på Valdres folkemuseum.

Det er bevara over femti dåpsenglar i norske kyrkjer. I Valdres er det tre slike, og dei rekna ho som dei stiligaste! I Bruflat er det ein engel med utspila venger som står på en sokkel med dåpsfatet i hendene og er ein staut kar med flotte proporsjonar, fint skorne vengefjører, livaktige augo og ansikt, og fine foldar i kledet han har på seg. Det skal vera Kviteguten som skar engelen vår i 1787.

Døypefatet er av kopar. Det har tungeforma kant med denne innskrifta: "Fra mig og Forfædre Offereret til Guds Ære udi Bruflads Kierke. Funt af Arne Knutsen Espelien udi Christiania den 24. juni 1787".

Dåpsmugga er laga av Kristian Hovde.

Kvifor vart englar knytta til dåp? Truleg av di det var ein engel til stades ved Jesus sin dåp.

Dei fyrste dåpsenglane dukka opp i Nord-Tyskland midt på 1600-talet, og hadde si storheitstid på 1700-talet. Dei spreidde seg også til Sverige, Danmark og Noreg. Men mot slutten av 1800-talet vart dei umoderne. Då skulle nye døypefontar inn – eller døypefontane frå mellomalderen skulle takast i bruk att. Heldigvis vart mange av dei "utviste" dåpsenglane plasserte på eit loft eller i ein kjellar. Slik vart dei heldigvis tekne vare på, og kunne koma fram att seinare som pynt eller i bruk med døypefatet att.



I norske kyrkjer er det no 23 dåpsenglar, menn og kvinner, ståande og gåande. Dei har dåpsfatet i hendene eller på hovudet. Ofte var dei måla med friske fargar, somme måla heilt kvite for å sjå ut som dei var laga av marmor og nokre vart måla med gullfarge. Dei nyaste kneler med fatet i hendene. Det skal vera rundt 50 slike englar som er tekne vare på i norske kyrkjer.

Ingun Kompen

DÅPEN



Dåp i Nord-Etnedal kyrkje

Frå dåpsliturgien:

Eg signar deg med det heilage krossmerket, til vitnemål om at du skal høyra den Herre Jesus Kristus til og tru på ham.»

Fylt av glede over livets under, med et nyfødt barn i våre hender kommer vi til deg som gav oss livet.

Fylt av beven foran ukjent fremtid legger vi vårt barn i dine hender. Det som skjer i dåpen gir oss trygghet.

Fylt av undring er vi i din nærhet! Du som bærer verdensrommets dybder, venter på de små og tar imot oss.

Ved ditt verk, ved kjærlighetens vilje, Er vi født på ny til liv i Kristus, til et åpent liv i tro og tillit.

Og ved tidens grense lever fortsatt dine løftesord ved døpefonten, dåpens lys forblir når livet slukner.

Større rikdom enn hva ord kan romme, har du gitt oss gjennom dåpens gave. Herre, la vår tro bli fylt av glede.

Frå Norsk salmebok 586

Konfirmasjon 2020

Etter ei annleis avslutning på konfirmanttida, med koronaforviklingar, avlysing av vårbolck med fellesamlingar og sommarkonfirmasjon, kunne vi endeleg ta opp att tråden etter skulestart, for å førebu samtalegudsteneste og konfirmasjonshøgtid.

Samtalegudstenesta vart litt annleis dette året. Alle konfirmantane hadde kvar sine oppdrag, med lesingar, sang, dramatisering og utsendingsdel. Og både konfirmantar og foreldrar var med på ein kahoot (digdal kviss) som kyrkjeværje Marie var ansvarleg for.

Det var prøving av kapper, og øving på prosesjon og gjennomføring av sjølve konfirmasjonen.



Her får Sunniva B. Byfuglien og Thea Lofthus hjelp av Ingun Kompen og kyrkjetenar Nils Kjell Nilsen.

Frå siste konfirmantsamlinga i Bruflat kyrkje



Bak : Magne Lunde, Eivind Kristoffer Bergene, Marius Ø. Sletten, Vegard Juven Bøe, Toralf Saglien. Foran: Aila Byfuglien, Emma Bakken, Pernille G. Bjørnødegård, Martine Yang Bergeid, Sunniva B. Byfuglien, Thea Lofthus. (Nord-dølene var ikkje med på denne samlinga) Foto: Ingun Kompen.

Konfirmasjon Bruflat kyrkje 30. august



*Inngangsprosjesjonen i fyrste gudsteneste kl. 10
Klokkar Kari Wold med prosjesjonskrossen.
Konfirmantane er Eivind Kristoffer Bergene,
Martine Yang Bergeid, Thea Lofthus,
Sunniva Byfuglien og Marius Sletten*



*Selfie av spente konfirmantar rett før andre gudstenesta.
Pernille, Emma, Aila, Toralf, Vegard og Magne.
I midten Marit prest. Foto: Pernille Bjørnødegård*



*Nykonfirmert gruppe – før resesjonen. Emma, Pernille,
Aila, Vegard, Magne (delvis skjult) og Toralf. Foto:
Marit prest*



*Konfirmasjonshøgtida
er over, konfirmantane
i festantrekk før
feiringa av dagen.*

*Marius, Sunniva, Thea,
Martine og Eivind.*

Foto: Marlyn S. Bergeid

Konfirmasjon N. Etnedal kyrkje laurdag 5. september



*Selfie med
klokkar Wenche
Hillestad Møller.
Konfirmantane
Inge Magnar
Sletten og Krist-
offer Veka saman
med Marit prest*

*Konfirmanten
Inge Magnar
Sletten
foto: Wenche
Hillestad Møller*



*Konfirmantane i
N.Etnedal kyrkje
Inge Magnar
Sletten og
Kristoffer Veka.
Foto: Marit prest*

*Konfirmanten
Kristoffer Veka.
Foto: WHM*



*Oddbjørg Løvie
Hagaseth overrakte
diplom frå soknerådet og
sende med konfirmantane
gode ord på veggen.
Foto: Marit prest*

**«Gode Gud,
vi bed deg for
konfirmantane.
Vara dei frå alt
vondt og ver deira
vaktar og hjelpar
i dag og alle
dagar.»**

*Ei av bønene frå
konfirmasjonsliturgien*

N. Lenningen seterhus



Innbydande og vakkert står seterhuset på Lenningen fram etter ei stor restaurering. Det er nytt tak, nytt tilbygg med teknisk rom, to sanitærrrom, eit lite toalett og eit større rom med bad og toalett for funksjonshemma. Det er sett inn nye vindauge i heile huset, kjøkkenet er fornya med nytt golv, måling og lys innreiing, bra med benkeplass, ny komfyr, kjøleskap, frys og oppvaskmaskin.

Det er bytta vindauge i heile huset, og i 2. etasje over nybygget er det laga soverom. Dette kjem i tillegg til soverommet innafor kjøkkenet.

Ute er det ny, funksjonell veranda, heile huset er sydd med villmarkspanel og det er ny skigard rundt området.

Ein draum har gått i oppfylling for fleire. Kyrkje-lenningen har fått eit hus, som endå fleire kan få glede av.

Soknerådet har gode tankar om aktivitetar for barn og unge, konfirmanttreff, gudstenester og møter, og

så blir det mogeleg å leige huset, for andre lag og organisasjonar eller familiar, for ein eller fleire dagar, eller kanskje ei helg?

Så snart alt er heilt på plass og alle formalitetar er i orden, blir det opna for utleige – for etnedøler. Fylg med på Heimesida vår, Kyrkja.no/etnedal

Byggekomitéen (Kjell J. Fjeld, Ole Bergene og Marit Slettum) har saman med det førre og det nye soknerådet, lagt hovudføringane for restaureringa, husstyret (Anne Marit Stensæter, Ragnhild Fagernæs, Mette Bergene og Kåre Espeseth) har take avgjerdene på detaljnivå, og mange frivillige timer er lagt ned i rydding, innkjøp og ferdigstilling.

Fylgjande entreprenørar har vore med på restaureringa: Ole Håkon Lofthus AS, Helge Magne Bergene i Bergene Anlegg AS, gravearbeid, Knut Olsen, måling og beising, Elektro 1 ved Bjørn Erik Øvrebø og Bagn varme& sanitær. Ødegård sag har levert villmarkspanel og sett opp ny skigard. Volden, Valdres har levert kjøkken.

Stølsmesse 16. august 2020



*Sola skein
frå nesten klår
himmel, då rundt
førti menneske var
samla til stølsmesse
på seterhuset.*

Fyrste arrangementet på det nyrestaurerte seterhuset, var stølsmessa 16. august. Rundt 40 var samla då Marit prest ynskte velkomen til gudsteneste, etter innleiande musikk ved Serhiy organist og bønosalma:

*«Ånd frå himlen,
kom med nåde,
kom med liv og lys her ned...»*

Teksten for dagen var Matt. 23, 37- 39, der Jesus gjev uttrykk for sterk sorg over sitt eige folk, jødane, som ikkje ville ta imot han. «*Kor ofte ville eg ikkje samle borna dine som ei høne samlar kyllingane under sine venger, men de ville ikkje.*»

Preika heldt fram med eit kort innblikk i evangeliet si forunderlege reise i verda, og korleis Gud framleis lengtar etter fellesskap med alle menneske. Guds store frelseplan er knytta til Menneskesonen Jesus Kristus.

«Jesus, du er den himmelveg som til Gud Fader oss leier. skreiv Elias Blix.

Vi sang salma etter preika, og den held fram slik:

*Frelsa det er å finna deg, liv og uvisnande heider.
Du er all skapnings ljøs og liv,
verdi då enn i mørker sviv,
vinglande vilt mellom graver.*

--

*Jesus, eg høyra vil til deim
som etter deg du kan nemna!
Lat meg ved deg til himmelheim
dagleg få styra og stemna!
Utan din arm i miss eg gjeng,
før du meg høgt på ørnevang,
til eg i himmelen hamnar!*

Etter messa serverte soknerådet, saman med gode hjelparar, kyrkjekaffe.

Det var mange hyggelege samtaler rundt enkle bord, i den fine augustsola, utover dagen.

Marit prest



Organist Serhiy og Marit prest etter gudstenesta.

Min salme

Jeg takker for utfordringen fra Odd Steinar Rønsmoen. Må si at han gjorde et veldig godt valg av salme.

Å finne en god salme, går på å finne noe som gir gode minner og følelser for en selv. Og salmen som da dukker opp hos meg er «Navnet Jesus, blekner aldri». Dette er en salme som bringer fram gode assosiasjoner fra barndom og tidlig ungdom. Særlig fra tiden i «Yngreslaget» på Nordsinni, og opphold på Skogstad leirsted med «Solveigene». Men også til skoletiden, da vi sang salmer og sanger hver dag, og fant en viss glede og ro i det. Minnes også bestefar og bestemor i Dæhlibygda, som spilte mandolin og gitar, og sang denne typen sanger.

Men når jeg ser i salmeboken min fra konfirmantforberedelsene, finner jeg ikke salmen. Og det skyldes nok at den kom inn i salmeboka først ved revisjonen i 1984. Salmen ble skrevet i januar 1923 av David Welander, etter inspirasjon fra en tale han hørte i Frelsesarmeen.

Salmen har en tekst som jeg forbinder med lovsang, optimisme og glede over det kristne budskap. Og melodien er også glad og frisk, og lett å synge. Melodien har sin opprinnelse fra Zululand, og det var norske misjonærer som brakte den hit. Klaus Østby skrev den ned, og harmoniserte den, og siden har dette vært fast brukt melodi på denne teksten.

Salmen er oversatt til en rekke språk, og den er stemt fram til «Alle tiders salme» (TV2 – 1995), «Århundrets bedehussang» (Bedehusfestivalen Ørje 1999) og «Århundrets salme» (P1 – 2005). Så det er nok flere enn meg som synes dette er en flott salme.

Sender utfordringen videre til Tommy Bjørke.

Bjørn Nerموen



Navnet Jesus blekner aldri

*Navnet Jesus blekner aldri, tæres ei av tidens tann.
Navnet Jesus, det er evig, ingen det utslette kan.
Det har bud til unge, gamle, skyter stadig friske skudd.
Det har evnen til å samle alle sjeler inn til Gud.*

*Refr. :
Navnet Jesus må jeg elske, det har satt min sjel i brann.
Ved det navnet fant jeg frelse, intet annet frelse kan.*

*Jesu navn! Hvor skjønt det klinger, la det runge over jord!
Intet annet verden bringer håp og trøst som dette ord.
For det navn må hatet vike, for det navn må ondskap fly.
Ved det navn skal rettferds rike skyte friske skudd på ny.*

Refr. :

*Midt i nattens mørke blinker som et fyrlys Jesu navn,
og hver hjelplos seiler vinker inn i frelsens trygge havn.
Og når solen mer ei skinner, Jesu navn, det lyser enn.
Da den frelste skare synger høyt dets pris i himmelen!*

Refr. :

Ønskediktet

Jarle Lundstein har valt «Vær varsom, kjære menneske» som ønskedikt i denne Kyrkjevarden.

Han utfordrar bror sin Hans Lundstein til å finne eit dikt til neste nummer.




Jarle Lundstein
har valt dikt.





Kommune-info

Sjå også Etnedal kommunes hjemmeside www.etnedal.kommune.no, og Etnedal kommunes facebook-side



Kulturdagatn 2020 med Thor Gotaas

Sjølv om koronaen set ein dempar på kulturlivet, tek kommunen sikte på også i år å arrangere Kulturdagatn. Startskuddet går laurdag 17. oktober, og fram til sundag 25. skal vi etter beste evne by på kulturopplevingar, sjølv sagt i tråd med gjeldande smittevern råd.

Tysdag 20. oktober kl. 18.00 kjem folkeminnegranskar og forfattar Thor Gotaas til Skogtun grendehus for å prate om eit kjent fenomen for mange, nemleg utedoar. Gotaas si siste bok heiter nettopp Norske utedoar. Men brumunddølen er også kjent for sine mange bøker om skihistorie, og vil ta med seg utgjevinga Birken for sal, til ein rimeleg penge.

Elles vil Kulturdagatn som vanleg by på eit variert program for dei fleste. Innanfor gjeldende smittevernsreglar ynskjer vi velkomen til alle som er friske!



Takk!

Hjertelig takk for pengegaven som ble gitt ved Oddleif Solbrekken sin begravelse.


Hilsen Etnedalsheimen



Takk!

Hjertelig takk for pengegaven som ble gitt ved Magne Rust sin begravelse.

Hilsen Etnedalsheimen og Hjemmesykepleien




Kongeveien ryddet i sommer

Langs den historiske kongeveien mellom Oslo og Bergen er strekningen Bruflat-Tonsåsen en av de best tilrettelagte. Fra Bruflat sentrum følger man asfaltveg i starten forbi Bruflat kyrkje og Blåflat gård. Deretter videre på vegen mot Fjellsbygda ca 400 meter før man tar sti til venstre bratt oppover lia mot Fjellsbygda. Stien krysser i starten bilveien mot Fjellsbygda flere ganger, og på noen kortere strekninger følger man også vegen. Etter nedlagte Breie el-verk (infotavle) går kongeveien bort fra veien og inn i skogen. Her slaker terrenget også ut og man passerer etterhvert Breie gård som er et flott gårdstun med fantastisk beliggenhet. Turen går hovedsakelig på fin skogssti og er godt skilta og merka. Ved Samuelstadjedn er det rasteplass. Fra Bruflat til Samuelstadjedn er det ca 6 km en veg og ca 450 meter stigning.



Kongevegen fulgte opprinnelig Etna fra Høljarast til Bruflat, og gikk blant annet over Lundebrue. Fra Bruflat svingte vegen over åsen mot Aurdal og kom igjen ved Tonsbakken. Herfra fortsatte vegen gjennom Valdres over Filefjell til Lærdal, og derifra til

Bergen. Denne traseen ble først i 1860-åra erstatta av den nåværende vegtraseen over Tonsåsen. Kongevegen mellom Bruflat og Tonsbakken har siden til dels blitt brukt som gårdsveg. I 1992 ble den satt i stand som turveg.



Etnedal
kommune

- Minst og best -

Ordfører Linda Mæhlum Robøle har i sommar og høst vært på to nye bedriftsbesøk, Etnedal bilverksted og Etnedal bilruter



Etnedal Bilverksted AS

Jeg er nå godt i gang med fysiske bedriftsbesøk igjen. Det første besøket etter sommerferien gikk til Etnedal Bilverksted AS.

Familiebedriften ble opprettet på begynnelsen av 1980-tallet. Svein Erik Korsvoll kjøpte bilverkstedet og drev dette fra lokaler på bilruta, men i 1987 ble driften flyttet til nye lokaler på Bruflat. Etnedal Bilverksted AS ble registrert som aksjeselskap i 2006, og virksomheten drives nå av sønnen Kjetil Korsvoll som mer eller mindre har vokst opp i verkstedet. Kjetils kone, Anne Korsvoll, ivaretar administrative oppgaver ved kontoret.

Det er i alt ni personer som er sysselsatt ved verkstedet i dag. Etnedal Bilverksted AS tar ofte inn lærlinger innen bilfaget, og mange får jobb ved verkstedet også etter endt læretid. Det er flere ansatte som omkring disse tider har vært ansatt i bedriften i over tyve år.

Driften ved verkstedet er svært allsidig, og de bistår med det meste. I tillegg til ordinære verkstedtjenester med service og reparasjon av kjøretøy, utfører verkstedet EU-kontroller på vegne av staten, bilbergning, taksering, biloppretting/karosseriarbeider, lakkering mv., for å nevne noe. Verkstedet har også dekkhotell, og merker økende etterspørsel også fra hytteeiere i Etnedal. Det kan være veldig kjekt at

vinterdekkene befinner seg i Etnedal i stedet for Oslo, når vinteren "plutselig" setter inn. Verkstedet tilbyr også leiebil, for de som trenger det.

Også verkstedbransjen er i stor endring, i takt med hurtig teknologisk utvikling og blant annet stadig flere elbiler. Mye av verkstedarbeidet er risikofyllt, og innebærer arbeid med alt fra elektrisitet til kjemikalier, og både ansatte og bedriften som sådan må ha bred og oppdatert kompetanse, og de formelle sertifiseringer og godkjenninger i orden. Det stilles strenge krav til fokus på helse, miljø og sikkerhet, og det er mye papirarbeid og dokumentasjon som løpende ivaretas fra verkstedets side.

Verkstedet er medlem av Bosch Car Service, og får levert bildeler og annet materiell man trenger opp til tre ganger daglig. Dette gir en effektiv og god service overfor kundene som får rask hjelp.


Jeg takker for den gode mottakelsen og praten, og ønsker masse lykke til med videre drift og utvikling av bedriften.



Fire av de ni som arbeider på Etnedal bilverksted, Magne Solbrekken Ruud, Eivind Bergene, daglig leder Kjetil Korsvoll og Anne Korsvoll, som ivaretar administrative oppgaver.



Tor Asbjørn Kompelien og Ole Anders Espelien.



Etnedal
kommune

- Minst og best -



Etnedal Bilruter AS

Jeg tok turen til bilruta første skoledag etter sommerferien, og fikk en god prat med daglig leder Thor Gunbjørnsen. Etnedal Bilruter AS har en spennende historie, og har bokstavelig talt vært gjennom en lang reise. Selskapet ble startet som andelslag i 1917, men ble AS i 1965. I begynnelsen kjørte selskapet stort sett melk og mel med lastebil, men etter hvert ble virksomheten utvidet også til person- og godstransport. Skolerute og andre faste bussruter har vært en stor del av virksomheten. Fra slutten av 1980-tallet hadde selskapet også stor turbussvirksomhet i inn- og utland. Utenlandske turister ble hentet både på Fornebu og Leirin, og fraktet rundt i Norge. Samtidig var norske turister passasjerer på turbusser fra Etnedal Bilruter AS over hele Europa. Rundt tusenårsskiftet knyttet omtrent halvparten av omsetningen seg til turbussvirksomhet. Etter 11. september 2001 og terroren i USA, kollapset imidlertid turbussmarkedet fullstendig, og Etnedal Bilruter AS måtte tenke nytt. Svaret ble blant annet flyttransport og fast godsroute mellom Oslo og Valdres. Selskapet opererer i et tøft marked. Fylkeskommunen, som har ansvaret for skoleskys og annen kollektivtransport/bussruter, setter også stadig større krav til blant annet passasjertall. Dette medfører at Etnedal Bilruter AS i dag i all hovedsak driver med skoleskyskjøring. Det er også en del turkjøring for lag og foreninger, samt noe flyttekjøring og godstransport. I tillegg blir Etnedal Bilruter AS også leid inn som underleverandør ved kjøring av «buss for tog» i Osloområdet. Hvordan selskapet vil se ut i framtida, avhenger mye av fylkeskommunens anbudsregime.

Bilruta sysselsetter i dag 15 personer, og flere leies inn ved behov. Selskapet eier 15 busser, to lastebiler og en varebil. En ny rutebuss koster fra 2 mill. + mva. og oppover. Thor forteller om en svært stabil og dyktig arbeidsstokk, med lavt sykefravær. Etnedal Bilruter AS er en god arbeidsplass, med lojale og pliktoppfyllende arbeidstakere. Vi kjenner alle barnesangen «En bussjåfør, en bussjåfør, det er en mann med godt humør...», og det har Etnedal Bilruter mange av!

Etnedal Bilruter AS er en viktig hjørnesteinsbedrift i Etnedal, og bringer med seg mye historie. Måtte nye, oppløftende kapitler skrives også i åra som kommer.



Hallen på Etnedal bilruter



Hilsen fra Torpa bilruter til 100års-jubiléet



Daglig leder Thor Gunbjørnsen og kontormedarbeider Kari Mette Bakken på kontoret til Etnedal bilruter

Ny konfirmanttid – starten hausten 2020

Nokre dagar etter siste konfirmasjonshøgtida for dei «gamle» konfirmantane, var dei nye i gang. Onsdag 9. september var fyrste samling i kyrkja, og laurdag 12. vandra konfirmantane frå Kyrkjesletta på Dalen til Nord-Etnedal kyrkje. Prost Carl Philip Weisser hadde ansvaret for vandrainga, saman med Steinar Stenseth og Klara Månun frå konfirmantutvalet.



Startpunkt: Kyrkjesletta



Vandrarane gjer seg klare, med samlingsstund på Kyrkjesletta.



Rast i nørre Bergsbakko



Oppgåve ved Oset, før siste etappen til kyrkja.



Vandringa vart avslutta med ei kort gudsteneste i kyrkje. Her er konfirmantane samla på kyrkjetrappa saman med prost Carl Philip Weisser.

Emilie Månun Esp, Karoline Dalseghagen Klevgård, Irene Bergene, Kristin Nicolaysen Bergsbakken, Mira Bykova, Katrine Telstø, Magnus Bergsbakken, Jørgen Espeliødegård og Sondre Tollehaug.

6-årsbok på skulestartgudsteneste



6-åringane i Etnedal var invitert til «fyrsteklasses gudsteneste» med markering av skulestart 23. august. Her er fire av dei saman med Magnhild Claudius i trusopplæringsutvalet. Ho delte ut 6-årsboka. Heidi Skogstad Kvernmo, Fredrik Espelien, Maja Kile Brateng og Runa Kolstad Byfuglien.

50-års konfirmantjubileum



Gullkonfirmantane var samla i Bruflat kyrkje 13. september, på dagen 50 år etter at dei vart konfirmerte av sokneprest Nils Eide. Etter gudstenesta var dei samla på Valdres høvfjellshotell til middag og «dele-tid», der det vart friska opp mange minne frå ungdomstida. Foran: Gunn Margit Bergum Larsen, Berit Lunde Toverud og Anne Karin Knutsen Heggem. Andre rekke: Arne Hestekind, Geir Osvald Storengen, Erik Berg, Ove Rog-nås, Geir Arnfinn Espeseth, Ole Svein Fjeld, Kai Espeseth og Marit prest Foto: Ragnhild Fagemnæs

Konfirmantane i Etnedal 2020

Bruflat kyrkje 30. august



Første rekke: Sunniva Bergsbakken Byfuglien, Thea Lofthus, Pernille Gulbrandsen-Bjørnødegård, Emma Bakken, Aila Byfuglien, Martine Yang Bergeid. Andre rekke: Magne Lunde, Marius Ødegårdstuen Sletten, Eivind Kristoffer Bergene, Toralf Saglien, Vegard Juven Bøe og Marit prest. Foto: Siri Berntsen

Nord-Etnedal kyrkje 5. september



Inge Magnar Sletten, Kristoffer Veka og Marit prest. Foto: Siri Berntsen

Dåpshøgtid



Vetle Hagasæt Gjevre vart døypt 16. august i Nord-Etnedal. Vetle, saman med tante Lene, foreldra Anette Hagasæt og Steffen Gjevre og fadrane Betina Gjevre og Andreas Hagasæt.

Slekters gang



Nord-Etnedal kyrkje
Vetle Hagasæt Gjevre 16. august



Bruflat kyrkje
Gunn Elisabeth Kloppbakken og Frank Tørum



Bruflat
Oddbjørn Hestekind
Jon Øistein Lundstein
Magne Rust
Kent Are Lybeck
Marie Bjerknæs
Marianne Sustad

Nord-Etnedal
Oddleif Solbrekken

Bakom tid og rom og tanke

*Bortom tid og rom og tanke
finst ein stad der alt er annleis,
finst ein stad der alt er heilag, t,
finst ein stad der Kristus er.
Nær min trøyte, redde tanke,
nær min draum, min lengt, min styrke,
nær mitt liv og alt eg lever,
det er godt å vera der.*

*Gjennom ørsmå hol i dagen,
får eg venda mine tankar,
ta eit lite steg til sides,
søkja Herren, Han som er.
Gjennom tause, mørke bønner,
gjennom lått og gjennom jubel,
leggja fram for Herren Kristus
alt det livet som eg ber.*

*Når eg pustar, når eg tenkjer,
når eg ler, og når eg sørgjer.
Finna ørsmå hol i dagen
som gjer Kristus sterk og nær.
Der eg lever midt i livet –
midt i verda, midt i dagen,
ber eg med meg Kristi kjærleik;
det er lys og salt eg er.*

*Jesus, ver i mine dager,
i alt liv som kjem mot meg.
Ver i mine glade timar,
mine skjelvande sekund.
La meg leva sterkt og nakent,
våga sjå og våga høyra,
våga leva midt i livet,
våga trå på heilag grunn.*

Heidi Strand Harboe

*Husk at personen
foran deg kan være
ett blick,
ett smil,
en klem
eller
ett godt ord
fra å gi opp*

Robert Tjomlid

PRESTENS HJØRNE



Strøtankar frå verandaen i Bruflatlie 30

Det er september, hausten er her. Lauvtrea tek til å bli fargerike, lufta er klårare og kaldare, men denne måndagen (14. september) kraup temperaturen opp mot 16 pluss.

Eg nyt, kan hende, siste rest av sommartemperaturen?

Mange fine stunder har eg hatt her i sommar. Åleine

eller i fellesskap med andre.

I juni var det heimekontor. Då det vart for varmt på kontoret, søkte eg tilflukt her med bibelen min, førebuingar, planlegging og anna. Etter kvart vart det også møte av ulike slag her, svalt og godt var det på denne skjerma uteplassen. Ein dag fekk eg også idéen om å flytte 12. juli-gudstenesta ut på plena. Serhiy organist var som vanleg positiv, han rigga lyd og keyboard, Ronald tok med klarinetten og vi fekk syngande gestar. Resultatet vart ei fin stund med deltakarar frå både fjern og nær.

Det er også god utsikt. Fint å sjå heile Bruflat sentrum, og så kyrkja, som eg berre såg frå andre etasjen i prestgar'n før. Ofte blir eg spurt om eg saknar det gamle ærverdige huset. Ærleg må eg seie, eg kjenner kor-

kje sakn eller vemod over at eg flytta. Eg var så klar for det. Vel var det eit triveleg hus, men litt stort for eitt menneske. Praktisk og funksjonelt både for mindre samvær og til litt større samlingar, men her eg sit på verandaen i den nye, gode heimen min, kjenner eg berre på **TAKKSEMD** over tida eg fekk der, og alle minne eg ber med meg etter tretti år. Dessutan har både ved- og straumforbruket gått radikalt ned..

Då avgjerda kom om at prestgar'n skulle seljast, var eg naturlegvis spent, og dei tårene eg ikkje felte då

VEL MØTT TIL GUDSTENESTE



4. oktober – Inga gudsteneste

11. oktober – 19. søndag i Treeinighetstida
Kl. 19.00 Bruflat kyrkje. Sang-gudsteneste.
Takkoffer til TV-aksjonen.

18. oktober – 20. søndag i Treeinighetstida
Kl. 11.00 Nord-Etnedal kyrkje.
Familiegudsteneste.
Takkoffer til TV-aksjonen
Utdeling av kyrkjebok til 4-åringar.

25. oktober – Bots- og bededag
Kl. 11.00 Bruflat kyrkje.
Konfirmantpresentasjon.
Takkoffer til organisasjonen
«Menneskeverd»

1. november – Alle helgens dag
kl. 11.00 Nord-Etnedal kyrkje. Nattverd.
kl. 19.00 Bruflat kyrkje. Nattverd.

8. november
Kl. 11.00 Bruflat kyrkje.
FAMILIËGUDSTENESTE
Utdeling av kyrkjebok til 4- og 2-åringar. Takkoffer til Sjømannskirken.

15. november – 23. søndag i Treeinighetstida
Kl. 11.00 Bruflat kyrkje. Nattverd.
Takkoffer til Stefanusstiftelsen.
Ca. kl. 12.30 – ca. kl. 17.00
Salmemaratton

22. november – Inga gudsteneste

29. november – 1. søndag i advent
Kl. 16.00 Bruflat kyrkje. Lysmesse.
Takkoffer til Søndagsskolen i Norge.

6. desember – 2. søndag i advent
Kl. 11.00 Nord-Etnedal kyrkje. Lysmesse.
Takkoffer til IKO

13. desember – 3. søndag i advent
Kl. 11.00 Bruflat kyrkje.
Takkoffer til trusopplæring i kyrkjelyden

Med atterhald om eventuelle endringar.

Gudstenestene blir annonsert i avisa Valdres, på heimesida vår; kyrkja.no/Etnedal og på facebooksida Kyrkja i Etnedal

eg flytta ut, felte eg då eg fekk melding om at Anna Linnea og Lars Lyckander Aune hadde fått tilslaget. Det var gledestårar, for eg visste at dei var genuint opptakne av å ta vare på huset, i tillegg til at Lars har røtene sine her. No er heile familien godt i gang med restaureringa.

Solsikka

Småfuglane og eg sådde blomfrø her ute i vår. Det fall solsikkefrø frå fuglebrettet ned i eit par blompotter, og så fordelte eg dei litt. Resultatet vart veldig bra. No står dei her og kneisar med sine karakteristiske gule «hovud».

For ei tid sidan lærte eg noko nytt om solsikka, ganske fascinerande faktisk.

Solsikkas mest kjente eigenskap er heliotropisme (gresk, helios=sol, trepein=vende)

Før den blomstrar vendar den seg konstant mot sola. Den møter morgonen med hovudet vendt mot aust, og fylgjer sola sin sakte veg over himmelen. Etter at mørket har senka seg, orienterar den seg for å møte morgonen att. Solsikka har alltid andletet mot lyset. Solsikka har endå ein eigenskap, den absorberar gift. Millionar av solsikker vart planta ut etter den katastrofale tsunamien som øydela kjernereaktorane i Fukushima 11. mars 2011.

Solsikka, førebilete?

Når vi finn vår plass i livet, der lyset og varmen slepp til, vil sjølv gifta vi blir utsette for, mista krafta si.

«Vandre i Guds lys, vandre i Guds kjærlyghets lys.»
Norsk salmebok 431

Marit prest



A scenic view of a village in autumn. A vibrant rainbow arches across the sky from the top left towards the center. The landscape is filled with trees in shades of yellow, orange, and green. In the foreground, a long, single-story building with a dark, tiled roof and light-colored siding is visible. The building has several windows and doors, some with small steps and railings. The background shows a hillside with more houses and a church with a tall, dark steeple. The overall atmosphere is peaceful and picturesque.

Perspektiv

*«Mennesket vokser i livets strid»
heter det velberget
blant folk som har striden bak seg.
Ska' lure på dét...
Sjøl har jeg faktisk minket;
snart er jeg så liten at
jeg ser himmelen
gjennom lissehøla i skoa mine.*

Hans Børli